



Overordna analyse

Forslag til plan for forvaltingsrevisjon 2016 - 2019

Kviteseid kommune

Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei kompetanse innan offentlig forvaltning. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon ([RSK 001](#)).

Frå 2015 har vi eit fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS, Vestfold kommunerevisjon og Sandefjord distriktsrevisjon.

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår www.tekomrev.no.

Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Plan for forvaltingsrevisjon	3
1.2	Kva er forvaltingsrevisjon?.....	3
1.3	Forvaltingsrevisjonar i Kviteseid kommune i 2012-2015.....	4
1.4	Innspeil til forvaltningsrevisjon 2016-2019	4
1.5	Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019.....	4
2	Plan for forvaltingsrevisjon	5
3	Overordna analyse.....	6
3.1	Om risiko og vesentlegheit og metodikk.....	6
3.2	Om Kviteseid kommune.....	7
3.3	Lokaldemokrati, tillit og etisk standard	9
3.4	Styring av verksemda og tryggande kontroll	9
3.5	Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet	13
3.6	Berekraftig utvikling	23

Foto framside: Danny Twang

1 Innleiing

1.1 Plan for forvaltingsrevisjon

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å utarbeide eit forslag til plan for forvaltingsrevisjon i kommunen.¹ Planen skal utarbeidast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret skal vedta ein plan for forvaltingsrevisjon seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. ***Forslag til plan for forvaltingsrevisjon finn du i kapittel 2.***

Planen skal byggje på ei overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå vurderingar av risiko og vesentlegheit, med sikte på å identifisere behovet for forvaltingsrevisjon. ***Denne analysen finn du i kapittel 3.***

Analyse og forslag til plan er utarbeidd vinteren 2015/2016 av Telemark kommunerevisjon IKS i samsvar med gjeldande avtale om revisjonstenester. Analysen gjeld kommunen si verksemd og anna kommunal verksemd dersom verksemda er organisert som kommunalt føretak (KF), § 27 - samarbeid og vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28-1 b og § 28-1 c.

Kommunal verksemd som er organisert i sjølvstendige rettssubjekt (interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap eller § 27-selskap) er ikkje dekte av analysen. For slike organisasjonsformer kan kontrollutvalet føre tilsyn ved hjelp av selskapskontroll.²

1.2 Kva er forvaltingsrevisjon?

På vegne av kommunestyret skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført

systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar (forvaltingsrevisjon)³

Forvaltingsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll – det er ein del av kommunestyret sitt tilsyn med forvaltinga av og i kommunen. Forvaltingsrevisjonen si rolle er å undersøkje om verksemda i kommunen skjer i tråd med gjeldande lover og

¹ Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar (kontrollutvalsforskrifta) av 15. juni 2004, § 10.

² Jf. kontrollutvalsføreskrifta kapittel 6 og eigen plan for selskapskontroll.

³ Revisjonsforskrifta § 7

reglar og kommunen sine planar og vedtak. Fokus vert også retta mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for innbyggjarane i kommunen.

Gjennom forvaltingsrevisjon kan kontrollutvalet:

- synleggjere moglegheiter til auka produktivitet og måloppnåing
- bringe fram styringsinformasjon til dei som tek avgjerder i kommunen
- bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- bidra til kommunen sin eigenkontroll

1.3 Forvaltingsrevisjonar i Kviteseid kommune i 2012-2015

I Kviteseid kommune er følgjande forvaltingsrevisjonar gjennomført i perioden 2012-2015:

- Kvalitet i skulen
- Vest Telemark PPT – forprosjekt
- Legetenester i Kviteseid

1.4 Innspel til forvaltningsrevisjon 2016-2019

Kontrollutvalet fatta vedtak i sak 17/15 at dei ynskjer forvaltningsrevisjon på:

- Offentlig anskaffing og habilitetsspørsmål
- Offentlige bygg og vedelikehald av eigedom

Ordfører og rådmann hadde ikkje innspel til tema for forvaltningsrevisjon.

1.5 Avtale om forvaltingsrevisjon 2016-2019

Forvaltingsrevisjon er omfatta av avtalen om revisjonstenester mellom Kviteseid kommune og Telemark kommunerevisjon IKS. Forslaget til plan har eit omfang på forvaltningsrevisjon som samsvarar med tilgjengelig ressurs etter avtalen om revisjonstenester. Kommunestyret/kontrollutvalet kan endre planen innanfor denne definerte ressursrama gjennom heile planperioden.

Dersom kommunen ynskjer fleire eller meir omfattande forvaltingsrevisjonar kan ein avtale det. Dette vert fakturert særskilt.

2 Plan for forvaltingsrevisjon

Innanfor gjeldande avtale om revisjonstenester og på bakgrunn av overordna analyse i kapittel 3, foreslår vi følgjande forvaltingsrevisjonar for planperioden 2016 – 2019, i prioritert rekkefølge. Timeomfang per prosjekt er eit førebels overslag. Ved endeleg planlegging av forvaltningsrevisjonen kan ressursbehovet per prosjekt bli justert både opp og ned.

Tema/tittel	Vinkling	Nytte	Omfang
Arkiv og dokumenthandtering	Kartlegge rutinar for journalføring og dokumenthandtering/ arkiv. Undersøke kompetanse om journalføring og om rutinar blir følgde i einingane.	Bidra til at krava til arkiv og journalføring blir følgde, slik at kommunen sikrar gode vilkår for innsyn og dokumentasjon.	200
Informasjonstryggleik	Kommunens handsaming av sensitive personopplysingar	Bidra til at teiepliktig informasjon er sikra mot innsyn frå uvedkommande, oppdatert og tilgjengelig for dei som treng den.	250
Internkontroll og avvikshandtering	Kartlegge rutinar og oppfølging av desse.	Bidra til at krava til internkontroll blir følgde og førebygge feil og manglar i tenestane.	250

3 Overordna analyse

3.1 Om risiko og vesentlegheit og metodikk

Risiko handlar om

- kva som kan gå gale
- kor truleg det er at noko går gale, og
- kva som er konsekvensen.

Vesentlegheit i forvaltingsrevisjon handlar om kor viktig oppgåva eller området er for kommunen og kommunen sitt samfunnsoppdrag, eller for kommunen sine brukarar/innbyggjarar.

I vurderinga av risiko og vesentlegheit har vi tatt utgangspunkt i formålsparagrafen i kommunelova og rådmannen sitt ansvar⁴. Vi fokuserer derfor på følgjande område i analysen:

- Ligg forholda til rette for eit funksjonsdyktig folkestyre?
- Har rådmannen tiltak for verksemdsstyring og tryggande kontroll?
- Vert rettstryggleik, kvalitet og effektivitet sikra i utøving av mynde og i tenesteyting?
- Legg kommunen til rette for ei berekraftig utvikling?

For å kartleggje og vurdere risiko i Kviteseid kommune har vi gjennomgått kommunen sin økonomiplan, årsrapportar, planstrategi og annan styringsdokumentasjon. Vi har gjort ein analyse av nøkkeltal frå KOSTRA og anna statistisk materiale. Vidare har vi kartlagt kommunen sitt system for internkontroll, og vi har henta inn informasjon frå Fylkesmannen sin tilstandsrapport, tilsynsrapportar og klagehandsaming.

Analysen av KOSTRA-tal omfattar tal for Kviteseid for perioden 2012 til 2014, samt tal for kommunegruppa og landsgjennomsnittet utanom Oslo. Kviteseid er gruppert i kommunegruppe 2 som er små kommunar med middels bundne kostnader per innbyggjar og middels frie disponible inntekter.

Vi har henta inn synspunkt på risikoområde og behov for forvaltingsrevisjon frå kontrollutvalet frå førre valperiode, og vi har gjennomført samtalar med ordførar og rådmann.

⁴ Kommuneloven 1 og 23 nr. 2

3.2 Om Kviteseid kommune

Demografi

Kommunen har hatt nedgang i folketalet dei siste åra frå 2 507 i 2012 til 2 466 i 2014. Kommunen har færre innbyggjarar under 16 år og fleire som er 67 år og eldre enn både landgjennomsnittet og eiga kommunegruppe. Kommunen har også mindre inn- og utflytting.

Generelt har kommunen hatt låg arbeidsløyse, men i 2014 var den høg blant dei unge. Kommunen har ein noko høgare del av innbyggjarane som har arbeid i andre kommunar og pendlar ut av kommunen enn dei vi samanliknar med.

Det er ein lågare del av befolkninga som er innvandrarak i kommunen enn både eiga kommunegruppe og landsgjennomsnittet.

Kommunen sin organisasjon

Kommunen hadde 225 årsverk ved utgangen av 2014 og har planar om å redusere talet på årsverk i 2015 og 2016.

Kommunen har tre kommunalområder, skule og barnehage, helse og omsorg og samfunnsutvikling og teknisk drift. NAV er lagt under rådmann.

Kviteseid er vertskommune for barnevernssamarbeidet i Vest Telemark. I vertskommunesamarbeid er det kontrollutvalet i vertskommunen som kan vedta forvaltningsrevisjon. Kommunen har vedteke å inngå vertskommunesamarbeid om arbeidsgjevarkontroll med Arendal kommune.

Kviteseid kommune har ein samarbeidsavtale med Nissedal om:

- Plankontoret, Nissedal kontorkommune
- Landbrukskontoret, Kviteseid kontorkommune
- Lønn, Nissedal kontorkommune
- Skatterekneskapen, Kviteseid kontorkommune

Samarbeidet om plankontor og landbrukskontor omfattar utøving av mynde og burde derfor vore formalisert som eit vertskommunesamarbeid. Avtalen blei inngått før reglane om vertskommunesamarbeid kom.

Kommunen deltek også i ein rekke andre interkommunale samarbeid. Legevakt, felles gjeldsrådgevar i Vest-Telemark, Vest-Telemark rådet, Utval mot akutt forureining IUA

Telemark, Friluftsrådet Sør, Krisesenter i Telemark og Driftsassistansen i Telemark med ansvar for vatn og avlaup er slike samarbeid.

Når oppgaver blir plassert ut av eigen organisasjon forsvinn noko av eigarskapen og innsynet på området, både administrativt og politisk. Det kan i seg sjølv vere ein risiko. Det kan derfor være aktuelt å sjå nærmare på dei ulike samarbeidsordningane. Aktuelle tema er om samarbeida er i tråd med formalkrav som er satt, om kommunen har gode system for å følgje opp samarbeida og sikre at kommunen får dei tenestene dei skal. Vi har likevel ikkje vald å prioritere forvaltningsrevisjon av det å følgje opp samarbeidsordningar generelt. Vurderinga av om det er behov for forvaltningsrevisjon av ei spesiell samarbeidsordning er eventuelt omtala under det aktuelle verksemdsområdet i analysen. Det er generelt tilrådeleg at forvaltningsrevisjon av samarbeidsordningar blir gjennomført for alle dei samarbeidande kommunane i fellesskap.

Økonomi

Kviteseid kommune brukar meir på tenester til innbyggjarane enn dei kommunane som vi samanliknar med, men har også litt høgare inntekter per innbyggjar. Inntektene er likevel ikkje høge nok til å dekke det utgiftsnivået som kommunen har. Kommunen har i budsjett for 2015 og økonomiplan for 2016 – 18 lagt til grunn at kommunen må stogge kostnadsveksten og justere driftsnivå inn på ein meir berekraftig kurs, etter fleire år med realvekst og utbygging av tenestetilbodet. Kommunen har framleis disposisjonsfond, men det har minka dei seinaste åra grunna svake driftsresultat. Kviteseid kommune har låg lånegjeld.

Kostra 2014	Kviteseid kommune	Gruppenitt	Landsgj.snitt*
Frie inntekter per innbyggjar	57 958	55 528	48 610
Nto lånegjeld per innbyggjar	30 341	61 431	58 160
Disposisjonsfond i % av br. driftsinntekter	2,3	2,1	1,9
Akk. rekneskapsmessig meirforbruk i % av br. dr.innt.	0	1	0,6
Nto dr.utg. til barnehage per innbyggjar 1-5 år	133 752	117 009	128 633
Nto dr.utg til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år	121 897	117 964	100 946
Nto dr.utg til kommunehelse per innbyggjar	5 101	3 197	2 317
Nto dr.utg til pleie og omsorg per innbyggjar	21 228	20 408	16 409
Nto dr.utg til sosialtenesta per innbyggjar 20-66 år	1 376	1 388	1 906
Nto dr.utg til barnevern per innbyggjar 0-17 år	5 763	9 024	7 978
Nto dr.utg til administrasjon og styring per innbyggjar	6 428	6 439	4 258

SSB: Utvalte nøkkeltal, kommunar – nivå 1 og 2. Reviderte tal 26.06.2015

* Landsgjennomsnitt utan Oslo

3.3 Lokaldemokrati, tillit og etisk standard

3.3.1 Openheit og innsyn

Openheit og innsyn er sentrale føresetnader for eit fungerande demokrati. Offentleglova og kommunelova sine reglar om innsyn og opne møte skal leggje til rette for at kommunen si verksemd er opa og gjennomsiktig. På den måten vert informasjons- og ytringsfridom, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte og ålmenta sin kontroll styrka.

Kviteseid kommune har postjournal på nett og har månadleg kunngjering av politiske møte i lokalavisa. Innkalling og protokoll frå politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

3.3.2 Saksførebuing og gjennomføring av vedtak i kommunestyret

Rådmannen har ansvar for at saker til folkevalte organ er forsvarleg utgreidde og at vedtak vert gjennomført. Kommunen har ein fast mal på saksframlegg til folkevalte organ. Rådmannen opplyser at det stort sett er kommunalsjefane og rådmann som er sakshandsamar. Ordførar meinte at kommunestyret i hovudsak får gode saksframlegg og at dei får den tilleggsinformasjonen dei etterspør. Han meinte og at saker blei følgd opp, sjølv om det kunne ta litt lang tid.

3.3.3 Budsjettering og rapportering

Kommunen utarbeider budsjett og handlingsprogram for komande år og økonomiplan for dei tre neste åra. Det er tertialrapportering på drift og investering, som er omfattande og har god kvalitet. Kommunen rapporterer på handlingsprogrammet i årsmeldinga.

I tillegg til at kommunen rapporterer på budsjett og handlingsprogram er det satt ulike krav på rapportering, mellom anna til SSB. Denne rapporteringa dannar grunnlag for statistikk i KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering). Både dokument frå kommunen sjølv og tidlegare forvaltningsrevisjonar syner at kommunen ikkje får rapportert dei rette tenestetala til SSB.

3.4 Styring av verksemda og tryggande kontroll

3.4.1 Internkontroll

Kommunelova § 23 nr. 2 har eit generelt krav om at rådmannen skal ha tryggande kontroll med verksemda i kommunen. Etter lovforarbeida vil det seie eit generelt krav

om at kommunen skal ha internkontroll. I tillegg er det krav om internkontroll på ei rad særlovsområde, både sektorovergripande og for dei ulike tenestoområda i kommunen, f. eks. arbeidsmiljølova, personopplysingslova, opplæringslova, barnevernslova, helse- og omsorgstenestelova og sosialtenestelova.

Kviteseid kommune har utfordringar med å følgje opp krava som er sett til internkontroll. Avvikshandteringssystemet har ikkje fungert godt nok. Kommunen har fått nye malar for avvikshandtering, men det er framleis skilnader mellom einingane i bruken av desse.

Rådmannen opplyser at kommunen har avvik frå fylkesmannen som ikkje er lukka. Dette gjeld sikring av sakshandsaming innan pleie og omsorg, manglande tiltaksteam, manglande beredskapsplan og arbeid med folkehelse.

Arbeidet med internkontroll og avvikshandtering har påviste manglar, som kommunen arbeider med å rette opp. Vi tilrår ein forvaltningsrevisjon på området mot slutten av planperioden. Ein får da undersøkt ut om kommunen gjennom eige arbeid har sikra at dei følgjer krava som er satt.

3.4.2 Etikk og varsling

Eit av formåla med kommunelova er å legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som byggjer på ein høg etisk standard. Etikk er ein integrert del av all arbeidslivspraksis. Etikk er dei verdiprioriteringane som ligg til grunn for avgjerd eller handling.

KS og Transparency International Norge (TI) tilrår at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. Kommunestyret i Kviteseid vedtok i 2014 reviderte etiske retningslinjer (sak 63/14) som gjeld både for tilsette og folkevalde. Kommunen har omtalt dette arbeidet i årsmeldinga og synt til at leiarforum saman med hovudtillitsvalde og hovudverneombod har drøfta etiske dilemma og arbeidet med å sikre ein høg etisk standard i kommunen. Dei etiske retningslinjene følgjer med som ein del av alle nye arbeidsavtaler. I årsmeldinga er det synt til at arbeidet med etikk i einingane skal vidareførast. Kommunen har slik sett omtalt tiltak for å sikre ein høg etisk standard i verksemda, slik lova krev. Kommunen har hatt ei sak der det har vore brot på dei etiske retningslinjene, og den saka blei følgd opp.

Arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Arbeidsgivar har plikt til å utarbeide rutinar for varsling eller å sette i verk tiltak for å

legge til rette for intern varsling. Kommunen har rutine for varsling som ein del av dei etiske retningslinene.

3.4.3 Arkiv og dokumentasjon

Kommunar og offentlege organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet både i eit kortsiktig og eit langsiktig perspektiv. I tillegg spelar arkiva ei rolle for demokratisk aktivitet, forskning og kulturell verksemd. Velfungerande postjournalar og arkivordningar er grunnleggande føresetnader for å sikre dette.

Riksarkivaren går ut frå at kommunereforma vil få store konsekvensar for kommunen sin dokumentasjon, og påpeikar kor viktig det er å vere godt førebudd og tidleg ute med planlegginga. Det vil bli utarbeidd ei rettleiing for korleis kommunen kan førebu seg ved ei eventuell kommunesamanslåing. Rettleiinga skal vere ferdig i mai 2016.

Kommunen får informasjon via mange kanalar, mellom anna brev, e-post og telefonar. Informasjon som ikkje gjeng via postmottaket i kommunen, er mottakar i kommunen ansvarleg for å journalføre og arkivere. Kviteseid kommune har ikkje ein fullstendig arkivplan. Kommunen har dermed ikkje ivaretatt lovkrava til arkiv og dokumentasjon. Kommunen nyttar e-Phorte, eit elektronisk saks- og arkivsystem, og har gitt opplæring i systemet til tilsette og politisk leiing. Det vil likevel vere utfordringar mellom anna knytt til journalføring av informasjon som tilsette får direkte via telefon og e-post. Kommunen vil på dette området, som fleire andre kommunar, vere sårbare fordi dei er små og har få tilsette med arkivfagleg kompetanse. Etter vår vurdering er det ein risiko for at kommunen ikkje får ivaretatt krava til arkivering av dokumentasjon. Vi tilrår derfor ein forvaltningsrevisjon på området.

3.4.4 Informasjonstryggleik

Informasjonstryggleik gjeld alle tiltak som sikrar konfidensialitet, integritet og tilgang til informasjon og IKT-system, det vil seie alt som gir korrekt informasjon til dei rette menneska til rett tid.

Alle offentlege verksemdar er etter § 15 i eforvaltningsforskrifta pålagde å ha internkontroll på informasjonstryggleik.

Personopplysningsloven med forskrifter stiller krav om tilfredsstillande informasjonstryggleik ved handsaming av personopplysningar, med omsyn til konfidensialitet, integritet og tilgang. Det er krav om dokumentert internkontroll. Styringssystemet som den enkelte verksemd må etablere for å oppnå tilfredsstillande

informasjonstryggleik, må blant anna fastsette overordna mål for tryggleik, akseptabelt risikonivå og fordele ansvar og oppgåver i tryggingsarbeidet. Kommunen må skaffe ei komplett oversikt over alle personopplysningar som vert handsama innanfor dei ulike tenesteområda, vurdere risiko og opprette rutinar og eit aktivt system for handtering av avvik.

Kviteseid har utfordringar på IT-område både grunna dårleg utstyr og liten kapasitet. Sensitive personopplysningar blir handtert på lukka system og rådmannen meiner at tryggleiken er godt ivareteke.

Informasjonstryggleik er eit område med generell risiko for at kommunane ikkje sikrar informasjonen godt nok. Dette samt at kommunen har hatt utfordringar på IT-området, gjer at vi tilrår ein forvaltningsrevisjon på området. Revisjonen vil omfatte både opplysningar som handterast digitalt og på papir.

3.4.5 Innkjøp

Kommunane kjøper inn varer og tenester for store beløp årleg. Regelverket om offentlege kjøp skal bidra til at pengane vert utnytta best mogleg og at innkjøpa bidreg til eit konkurransedyktig næringsliv.

Reglane om offentlege innkjøp har også som føremål å bidra til ei berekraftig utvikling, og skal motverke sosial dumping og korrupsjon. I innkjøpssamanheng kan kommunen arbeide mot sosial dumping blant anna ved å stille og følge opp krav om løns- og arbeidsvilkår i kontraktar. Også innan miljø og andre former for sosialt ansvar kan offentlege innkjøparar spele ei viktig rolle gjennom kvalifikasjonskrav og kontraktsklausular ved innkjøp, og oppfølging av slike krav.

Nye og forenkla reglar om offentlege innkjøp er venta å gjelde frå våren 2016. Dei nye reglane vil gi kommunane både auka handlingsrom og nye plikter. Reglane skal mellom anna gi oppdragsgivar incentiv og plikter knytt til miljøomsyn og nedkjemping av barnearbeid og sosial dumping, og betre konkurransevilkåra for små og mellomstore bedrifter. Det vert foreslått at KOFA igjen skal kunne gi gebyr for ulovlege direkteinnkjøp.

Kviteseid kommune har tidlegare nytta ein entreprenør utan avtale, men kommunen har no fått rammeavtale med entreprenør. Kommunen er med i innkjøpssamarbeidet BTV innkjøp. Avtaler gjort via innkjøpssamarbeidet regulerer det meste av innkjøp i kommunen, men ikkje alt. Kommunen har fokus på å følge opp avtalene, men det blir likevel handla ein del lokalt utanom avtale. Økonomisjefen er innkjøpsansvarleg.

Kommunen har ikkje utarbeida strategi eller reglemen for anskaffingar. Slike strategiar/reglement kan vere nyttige for å sikre at tilsette følgjer opp avtaler og at kommunen overheld reglane om offentlege innkjøp. Det er generelt ein risiko for at kommunar ikkje følgjer reglane om offentlege innkjøp, men vi har ikkje prioritert forvaltningsrevisjon på dette området.

3.4.6 Offentleg støtte

Statsstøttereglane i EØS-avtalen påverkar i stor grad rammene for nærings- og sysselsettingspolitikken. EØS-avtalen har eit forbod mot tildeling av offentleg støtte til føretak dersom støtta kan vri eller true med å vri konkurransen og påverke samhandelen innan EØS-området. Kommunen kan tildele støtte innanfor dei rammene og prosedyrekrava som følger av reglane om offentleg støtte.

Ein del kommunar tilbyr sjølv eller gjennom eigarskap, varer og tenester i konkurranseutsette marknader, for eksempel utleige av næringseigendom. Slik aktivitet skal skje utan offentleg støtte. Det betyr at aktiviteten skal vere tydeleg skilt frå anna offentleg verksemd, slik at det ikkje skjer ei ulovleg kryssubsidiering av den konkurranseutsette aktiviteten til kommunen.

3.5 Tenesteyting og maktutøving – kvalitet, rettstryggleik og produktivitet

3.5.1 Skule og barnehage

Barnehage

Som eigar og maktutøvar har kommunen mange oppgåver på barnehageområdet. Kommunen skal mellom anna sørge for plass til alle born med rett til barnehageplass, godkjenne barnehagar, yte tilskot til private barnehagar, samordne opptak, drive rettleiing og føre tilsyn.

Kviteseid kommune har ikkje private barnehagar. Fylkesmannen hadde tilsyn på barnehageområdet i 2013 og fann då at kommunen førte tilsyn i tråd med dei krava som er sett, men sikra ikkje godkjenning av barnehagar og handsama ikkje dispensasjonar frå kravet om pedagogisk leiar og styrar i tråd med krava som er sett. Avvika er retta.

Kommunen gir god informasjon om tilbodet i barnehage på eiga nettside. Der er det opplyst om rett til gratis kjernetid og redusert betaling i barnehage som blei innført i 2015.

Tal i KOSTRA syner at Kviteseid har betre pedagogdekning i barnehagen enn dei vi samanliknar med. Kommunen har meldt frå om ein pedagogisk leiar med dispensasjon i årsmeldinga, men har ikkje rapportert dette til SSB. Tala som kommunen har rapportert til KOSTRA gir derfor ikkje eit rett bilete av bemanninga.

Skule

Kommunen skal ha eit system som gjer det muleg å vurdere om kommunen oppfyller pliktene etter opplæringslova, jf. opplæringsloven § 13-10.

Kviteseid kommune opplyser i årsmeldinga at systemet for kvalitetsvurdering av grunnskulen etter opplæringslova § 13-10 er gjennomgått og vurdert, men at status ikkje er lagt fram for hovudutvalet som planlagt. Kommunen utarbeidde ikkje tilstandsrapport for 2014, slik dei skal etter lova, men har utarbeida tilstandsrapport i 2015. Denne vart handsama av kommunestyret 15.10.15.

Kommunen skal sikre at elevane har eit godt fysisk og psykososialt miljø på skulen, jf. opplæringslova § 9a-1. Fylkesmannen hadde tilsyn på området i 2014. Fylkesmannen fann at Kviteseid kommune ikkje sikra rett sakshandsaming i saker som gjaldt det psykososiale miljøet på skulen, at det ikkje var skriftlege rutinar for varsling og at kommunen ikkje hadde eit system i tråd med kravet i opplæringsloven § 13-10. Avvika er no retta. Kommunen har sett i gang eit prosjekt for å jobbe med miljøet, og har fått tilskot frå Utdanningsdirektoratet til arbeidet. Tal frå elevundersøkinga syner at i snitt er svara elevane gir på spørsmål om dei har opplevd mobbing i Kviteseid uendra og omtrent på same nivå som i Telemark og landet. Men blant elevane på 7. trinn er det ein høgare del som seier at dei har opplevd mobbing 2 – 3 gonger i månaden eller oftare for skuleåret 2014/2015 i Kviteseid enn på landbasis. Kommunen har i tilstandsrapporten påpeikt at mobbing er eit tema som vil bli følgd opp vidare. Dette er eit område der det er risiko for at kommunen ikkje får ivaretatt dei oppgåvene kommunen har og der det kan få store konsekvensar for dei det gjeld. Vi har likevel ikkje vald å prioritere dette i forslag til plan for forvaltningsrevisjon, både fordi fylkesmannen har hatt tilsyn og fordi kommunen sjølv er merksam på det.

Kommunen skal sørge for at opplæringa er tilpassa evnene og føresetnadene til den enkelte elev, jf. opplæringslova § 1-3. Dette stiller store krav til planlegging og organisering. Det er risiko for at undervisninga ikkje vert tilstrekkeleg differensiert og tilpassa den enkelte, og dermed ikkje treff heile elevgruppa. Kommunen hadde eit forvaltningsrevisjonsprosjekt der dette var tema i 2012. Kviteseid kommune har hatt

betre resultat for avgangselevar dei siste åra, men ikkje for dei som avslutta grunnskulen i 2015.

Kviteseid kommune deltek i prosjektet «Betre læring for alle» i samarbeid med dei andre Vest-Telemark kommunane. Prosjektet si overordna målsetting er å betre den ordinære undervisninga, slik at talet på elevar som får spesialundervisning blir redusert. Kvar kommune har utarbeidd eigne planar for utviklingsarbeidet med tilhørande mål i samarbeid med prosjektleiar.

Kvar kommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste. I Kviteseid er dette løyst gjennom organisering av ei felles teneste for alle kommunane i Vest-Telemark. Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å legge opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære undervisninga, har rett til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1.

Kviteseid kommune har hatt nedgang i talet på elevar som får spesialundervisning dei tre siste åra. Kommunen har no ein lågare del av elevane med spesialundervisning enn eiga kommunegruppe og litt over landsgjennomsnittet. Det har vore ei forundersøking på PPT som viste at PPT kan jobbe meir systemretta i kommunen og mindre med enkeltsaker. Utover det var det ikkje tydelege forbetningsområde.

Kompetanseheving i barne- og ungdomsskulen eit nasjonalt satsingsområde. Det vert særleg lagt vekt på vidareføring og utviding av talet på plassar ved leiarutdanning for rektorar, og vidareføring og auka økonomiske intensiv til å gjennomføre etter- og vidareutdanning for lærarar. Tal i KOSTRA syner at Kviteseid har færre lærarar med høgare utdanning/pedagogisk utdanning enn dei vi samanliknar med. Kommunen nyttar seg av tilbod om vidareutdanning for lærarar og har mellom anna lærarar som tek tilleggsutdanning i matematikk og lesing.

Skulefritidsordning - SFO

Kommunen skal tilby SFO til alle som ynskjer det. Tal i KOSTRA syner at kommunen brukar meir på SFO enn dei vi samanliknar med.

3.5.2 Helse og omsorg

Kommunen skal sørge for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette omfattar alle pasient- og brukargrupper, medrekna personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne. Kommunen har plikt

til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, slik at omfanget og innhaldet av tenestene er i samsvar med krav fastsett i lov eller forskrift.

Samhandlingsreforma

Målet med samhandlingsreforma er å få eit betre og meir heilskapleg helsetilbod. Reforma skal bidra til rett behandling – på rett stad – til rett tid. Ressursar skal i større grad brukast til å bygge opp kommunen sine helse- og omsorgstenester. Pasientane skal få betre koordinerte tenester, og innsatsen for å avgrense og førebygge sjukdom skal aukast.

Kommunane må betale for utskrivingsklare pasientar som dei ikkje kan ta imot. Dette gjelder førebels ikkje pasientar innan psykisk helse og rus. Her blir betalingsordninga innført tidligast i 2017.

Kviteseid kommune har hatt nokre få utskrivingsklare pasientar i 2014 som dei ikkje har tatt imot. Kommunen har hatt plassmangel på eigen sjukeheim og derfor leigd sjukeheimplassar i andre kommunar. Tal i KOSTRA syner at kommunen i utgangspunktet har god dekning på sjukeheimplassar, men har hatt noko færre korttidsplassar. Talet på korttidsplassar har auka dei siste åra, men kommunen ligg framleis på eit lågare nivå enn dei vi samanliknar med. Korttidsplassar kan være viktig for å kunne ta imot utskrivingsklare pasientar.

Kommunane er pålagde å opprette tilbod om døgnopphald for helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar med behov for augneblkkeleg hjelp (ø-hjelpsplassar). Kommunen må ha dette tilbodet på plass innan 2016.⁵ Kviteseid kommune har etablert slike ø-hjelpsplassar ved sjukeheimen og samarbeider med Seljord kommune om dette.

Folkehelsearbeid

Arbeidet med folkehelse og det å førebyggje sjukdom er sentralt i samhandlingsreforma. Kommunen sitt ansvar for folkehelsearbeid går fram av folkehelseloven (2011). Fylkesmannen hadde tilsyn på kommunens arbeid med folkehelse i 2015. Tilsynet omfatta kommunen sitt arbeid med å halde jamleg oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på denne. Kviteseid har ikkje ei slik oversikt som kommunen er pålagd å ha og fekk avvik ved dette tilsynet. Kommunen jobbar med å rette aviket.

⁵ Helse- og omsorgstenestelova § 3-5

Omsorgstilbod i og utanfor institusjon

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle menneske med behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose. Omfanget av pleie- og omsorgstenestene har auka dei siste åra. Det aukande behovet kjem både av at tenestetilbodet har vorte bygd ut i takt med at det vert stadig fleire eldre, særleg i aldersgruppa over 90 år, og at det har vore ein sterk auke i tal yngre mottakarar (under 67 år).

Kommunale helse- og omsorgstenester er i hovudsak ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk hjelp, opphald i institusjon, medrekna sjukeheim, og tilbod om avlastingstiltak, støttekontakt og omsorgslønn. Som ein del av ordninga med praktisk hjelp, skal alle kommunar ha tilbod om brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Brukarar med omfattande hjelpebehov som er under 67 år har no fått rett til BPA.

Frå 2020 er det foreslått ein plikt for kommunane til å tilby aktivitetar på dagtid for demente. Kviteseid har etablert eit dagsenter med tilbod til demente.

Kviteseid kommune brukar meir enn dei vi samanliknar med på pleie og omsorgstenester om ein fordeler utgiftene på alle innbyggjarane, men ikkje om dei fordelast på innbyggjarar som er 67 år eller eldre. Kommunen brukar meir på heimetenester per brukar enn dei vi samanliknar med, men mindre per sjukeheims plass.⁶ Kommunen gir heimetenester og sjukeheims plass til fleire innbyggjarar som er 67 år og eldre enn dei vi samanliknar med, men gir heimetenester til færre som er 66 år eller yngre.

Samhandlingsreforma gjer at kommunen får pasientar som kan ha større trong for tenester den første tida etter utskrivning. Dette stillar auka krav om kompetanse. Kommunen har færre ufaglærte, og målt opp mot innbyggartal har kommunen også noko betre dekning av sjukepleiarar/høgskuleutdanna enn landsgjennomsnittet. God dekning av sjukepleiarar/høgskuleutdanna kan være naudsynt for å møte krava som samhandlingsreforma stiller til kommunane.

⁶ Låge utgifter per sjukeheims plass kan ha samanheng med at kommunen har relativt god dekning på sjukeheims plassar, som igjen kan gjere at pleiebehovet ikkje er like stort hjå alle som bur på sjukeheimen.

Helsetenester

Kviteseid kommune har utarbeida ein tenesteanalyse for helsestasjon og skulehelsetenesta i kommunen. Analysen er utarbeida i samband med at kommunen har delteke i KS sitt effektiviseringsnettverk, og blei lagt fram for hovudutvalet i mars 2015. I analysen blir det trekt fram at årstal rapportert i KOSTRA og tal kommunen sjølv har rapportert internt ikkje er like. Det skuldast truleg feil/manglar ved registrering av årsverk i KOSTRA.

I 2013 var det tilsyn med helsestasjonstenestene i kommunen. Det blei gitt avvik på manglande internkontroll og styringssystem. Eit av punkta omhandla manglande koordinerande eining. Kommunen skal etter helse og omsorgstenestelova ha ei koordinerande eining for habiliterings- og rehabiliteringsverksemda. Kommunen har no lyst ut stilling som leiar for helsesenteret, der ei av hovudoppgåvene er å vere leiar for koordinerande eining.

Kommunen hadde ein forvaltningsrevisjon på legetenester i 2015. Det blei gitt tilrådingar knytt til organisering og internkontroll, samt å sikre rett rapportering i KOSTRA.

Kommunen har i utgangspunktet god bemanning på fleire av områda innafør helse. God bemanning på skulehelsetenestene kan være naudsynt, da kommunen også gir tenester til den vidaregåande skulen i kommunen. Kommunen har hatt to asylmottak med midlertidige overnattingsplassar. Kommunen har ansvar for å gje helsetenester til bebuarar på asylmottak. Dette blir tatt omsyn til i dei statlege overføringane, men kommunen må også kunne ha bemanning for å gi tenestene. Slik sett er det fordelaktig at kommunen har god legedekning. Sjølv om kommunen i utgangspunktet har hatt god dekning, har det vore press på helsetenestene.

Psykisk helse

Tal frå folkehelseinstituttet viser at psykiske lidningar er meir utbreidde i Telemark enn i landet sett under eitt, men det er ikkje tilfelle i Kviteseid. Her er psykiske lidningar mindre utbreitt enn på landsbasis. Tal i KOSTRA tyder på at kommunen har god dekning av personell med spesialisering innan psykisk helsearbeid. Dette vil vere til hjelp i arbeidet med å identifisere, utgreie, behandle og følgje opp personar med psykiske lidningar. Der har kommunen ei sentral rolle.

Innan psykisk helse er det behov for koordinerte tenester og tverrfagleg samarbeid, både internt i kommunen og med spesialisthelsetenesta.

Rusomsorg

Tal i KOSTRA syner at kommunen har låge utgifter til å gi tilbod til personar med rusproblem. Denne tenesta er ikkje omtalt spesielt i kommunen si årsmelding eller handlingsprogram.

Frå statleg hald er det gitt tydelege føringar for behovet for opptrapping av tenestetilbodet, og det er utarbeida ein ny nasjonal opptrappingsplan på rusfeltet.

3.5.3 Samfunnsutvikling og teknisk drift

Området samfunnsutvikling og teknisk drift omfattar kommunen sitt næringsarbeid, kultur og fritid og teknisk drift. Teknisk drift har ansvar for vedlikehald av kommunal bygg, dette er omtala i punkt 3.6.2.

Kviteseid kommune har endra organiseringa på teknisk drift. Ein stilling som avdelingsingeniør er gjort om til teknisk sjef med fag og personalansvar innafor VA, brann, teknisk og reinhald. Endringa kom for å handtere utfordringar kommunen har hatt på teknisk drift. Denne stillinga, samt ei stilling som avdelingsingeniør blei lyst ut for andre gong i januar 2016. I handlingsprogram for 2016 – 2019 melder kommunen om store utfordringar på teknisk drift og syner til at kommunen manglar personell.

Sjølvkost

Kommunen yter tenester og utøver mynde på sjølvkostområda vatn, avløp, renovasjon, branntilsyn/feiing og plan- og byggesak.

Vassforsyning, avløp, renovasjon, feiing og byggesaksbehandling vert finansiert gjennom gebyr frå innbyggjarane. Frå 1.1.2015 kom nye retningsliner for korleis sjølvkost, og dermed også den øvre rama for gebyrinntektene frå innbyggjarane, skal reknast ut. Det er ikkje kontrollert om dei nye retningslinene er følgde i 2015.

Revisjonen av rekneskapen har ikkje synt særskilt risiko knytt til berekningane av sjølvkost så langt, men det er lenge sidan berekningane av dei indirekte kostnadene er gjort. Her bør kommunen gjere nye berekningar. Kommunen bereknar ikkje sjølvkost på SFO.

Plan- og byggesakshandsaming

Plan- og bygningslova (pbl.) pålegg kommunane å ha planar for bruk og vern av tilnærma alle kommunale areal og ressursar. Vidare skal kommunane fatte vedtak om nesten all byggeaktivitet innanfor kommunegrensene, sjølv om det er gjennomført

forenklingar i byggesakshandsaminga frå 1. juli 2015. Sett frå innbyggjarane sin ståstad er dette ei inngripande lov. Det er derfor viktig at innbyggjarane har tillit til at kommunen handhevar lova på ein føreseieleg, lik og effektiv måte. Eit føremålstenleg og oppdatert planverk bidreg til å sikre effektivitet og likebehandling.

Kviteseid kommune har felles plankontor med Nissedal. Kontoret er i Nissedal. Rådmannen i Kviteseid opplyser at dei har godt samarbeid med plankontoret og at han får god informasjon gjennom rapportering mm. Kommunen har hatt lang sakshandsamingstid på byggesaker, og den har auka frå 2012 – 2014. Rådmannen opplyser at sakshandsamingstida er redusert i 2015. Det er få tal på dispensasjonar, men for 2014 ga kommunen dispensasjon for alle nybygg i område med byggeforbod ved ferskvatn. Det er også gitt mange dispensasjonar i eit nytt bustadområdet.

I perioden 01.01.14 – 01.09.15 handsama fylkesmannen fire klagesaker frå Kviteseid. I to av desse blei kommunens vedtak stadfesta, medan dei to andre ble endra. Talet på klagesaker er for lågt til å gi ei generell vurdering av sakshandsaminga.

Bibliotek

Kommunane har ansvar for folkebibliotek og skulebibliotek. Folkebiblioteka skal fremme opplysing, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbod til born og vaksne legge vekt på kvalitet, mangfald og aktualitet. Alle kommunar skal ha ein fagutdanna biblioteksjef, og innhaldet og tenester som biblioteka gir, skal gjerast kjent. Kviteseid kommune har informasjon om biblioteket på nettsidene sine og har ein fagutdanna biblioteksjef. Kommunen brukar meir på folkebibliotek per innbyggjar enn eiga kommunegruppe og landet. Utgiftene er lågare i 2014 enn i 2013.

Kulturskule

Alle kommunar skal ha eit kulturskuletilbod til born og unge, anten åleine eller i samarbeid med andre kommunar. Kulturskulene er både eigde og drifta av kommunen, og det er kommunane sjølv som bestemmer innhald og omfang av tilbodet i skolane sine.

Kviteseid kommune har eigen kulturskule som gjer tilbod både til elevar i grunnsolen, men også nokre elevar over grunnskulealder og vaksne med særskilte behov. Kommunen brukar meir på kulturskule enn dei vi samanliknar med og kommunen har auka utgifter frå 2013 til 2014, men gir også tilbod til fleire.

3.5.4 NAV

Kommunen har ansvar for å betre levekår for vanskeligstilte og bidra til økonomisk og sosial tryggleik. På landsbasis har utbetalingane til sosialhjelp auka dei siste åra. Dette er og tilfelle for Kviteseid, men kommunen brukar framleis mindre pengar på økonomisk sosialhjelp og på sosialteneste enn dei kommunane vi samanliknar med. Kviteseid kommune har likevel fleire innbyggjarar relativt sett som mottar sosialhjelp og har litt fleire årsverk enn eiga kommunegruppe, men færre enn landsgjennomsnittet.

Kviteseid kommune har for 2014 ikkje nådd eigne målsettingar om lågare utbetaling til økonomisk sosialhjelp og nedkorting av stønadspanoden for den einskilde mottakar.

I perioden 01.01.14 – 01.09.15 handsama Fylkesmannen fire klager frå Kviteseid som gjaldt sosialtenestelova. Fylkesmannen stadfesta alle vedtaka kommunen hadde fatta, noko som viser at kommunen fatta rett vedtak i desse sakene.

Bustadsosialt arbeid

Fleire kommunar har utfordringar i arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. NAV opplyser i årsmeldinga til kommunen at det har vore utfordrande å skaffe bustad til innbyggjarar som treng det. NAV har mista dei to husværa som dei disponerte, og har ikkje fått nye. NAV opplyser i årsmeldinga at brukargruppa ikkje får den hjelpa dei har krav på. Tal i KOSTRA syner ikkje den endringa som NAV har rapportert.

I nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid 2014 – 2020 er det fastlagt felles nasjonale mål og prioriterte innsatsområde, og kommunane har ei nøkkelrolle i å realisere måla. Kommunane sin bruk av dei statlege verkemidla er ein viktig del av arbeidet med å sikre varig bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Kviteseid nyttar bustøtte frå husbanken i mindre grad enn dei kommunane som vi samanliknar med, men brukar meir startlån.

3.5.5 Introduksjonsordninga

Kviteseid har vedteke å busette 10 flyktningar årleg i perioden 2016 – 2019.

Kommunen har ikkje busett flyktningar dei seinaste åra og skal derfor tilsette ein flyktningkoordinator. Flyktningtenesta blir plassert direkte under rådmannen.

Vaksenopplæringa har ansvar for opplæring av vaksne flyktningar. Flyktningtenesta og vaksenopplæringa skal samarbeide om introduksjonsprogrammet, som kommunen er pålagd å ha. Kommunen vil samarbeide med andre kommunar om å tilby samfunnskunnskap på morsmål. Introduksjonsprogrammet skal bidra til at deltakarane

vert kvalifisert for arbeid eller vidare utdanning. Ordninga vart innført i 2004, og i 2011 kom krav om internkontroll, for å sikre at krava i introduksjonslova vert følgde. Dette er eit område med fokus på nasjonalt nivå, og regjeringa har foreslått endringar i introduksjonslova for mellom anna å styrke språkopplæringa, jf. Stortingsproposisjon 130 L (2014–2015).

Kommunestyret i Kviteseid vedtok hausten 2015 ein plan for busetting av flyktningar. I Telemark syner resultatata av programmet at det er ein risiko for at tiltaka i fleire kommunar ikkje er gode nok for å nå måla for programmet. I Kviteseid er det enno ikkje deltakarar som har starta program, så kommunen har ikkje resultat å vise til på området. Det at ordninga er så ny i kommunen, kan i seg sjølv vere ein risiko.

3.5.6 Barnevern

Dei seinare åra har det vore ein auke i talet på bekymringsmeldingar til barnevernstenesta, og ein auke i talet på born og unge som tek imot tiltak – særleg tiltak utanfor heimen. I Kviteseid var talet på meldingar lågt i 2014, men ikkje i 2013. I ein liten kommune som Kviteseid vil tala frå KOSTRA vere usikre. Vi kan derfor ikkje vere visse på om nedgangen berre kjem av naturlege svingingar eller om systemet med å melde frå ikkje verkar like godt som tidlegare. Tala i KOSTRA syner at barnevernet har sett i gang fleire undersøkingar enn det kom meldingar om. Kviteseid brukar mindre på barnevern enn dei vi samanliknar med. Tala frå KOSTRA åleine viser ikkje ein spesiell risiko for Kviteseid, men innan barnevern er det generelt ein risiko for at kommunane ikkje får fanga godt nok opp barn som treng hjelp.

Kommunane i Vest-Telemark har ei felles barnevernsteneste gjennom eit vertskommunesamarbeid der Kviteseid er vertskommune. Barnevernstenesta skal ta hand om ei sårbar målgruppe som ikkje alltid kan ta i vare egne behov og ynske. Det er derfor særleg viktig at barnevernstenesta har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å fatte rette vedtak og følge dei opp systematisk over tid. Barnevernstenesta har fleire stillingar med fagutdanning enn i dei kommunane som vi samanliknar med.

Fylkesmannen hadde tilsyn med barnevernstenesta i Vest-Telemark sitt arbeid med undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak for heimebuande barn i 2011. Det blei ikkje funne avvik ved tilsynet, men det blei gitt ein merknad. Den blei gitt fordi det blei opplyst om etterslep på skriving av referat og notat.

3.6 Berekraftig utvikling

3.6.1 Planlegging i kommunen

Plan- og bygningslova skal fremme berekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging og vedtak skal sikre openheit, føreseielegheit og medverknad for alle interesser og styresmakter. I planlegginga skal det leggest vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for miljø og samfunn skal skildrast.

Kommunestyret skal minst ein gong kvar valperiode utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ta vare på både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver til kommunen. Planen skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg frå statlege og regionale styresmakter til grunn.

Kviteseid kommune har utarbeida planstrategi, men har ikkje utarbeida ny samfunnsdel til kommuneplanen, slik planstrategien legg opp til.

3.6.2 Egedomsforvaltning og vern av verdier

Egedomsforvaltninga

Kommunale eigendomar har betydeleg verdi. Samla kostnader for innkjøp, forvaltning, drift og vedlikehald utgjer om lag 15-20 prosent av økonomien til ein kommune. Ei kartlegging frå 2008 viste at om lag 1/3 av kommunale bygg var i god stand, 1/3 i delvis utilfredsstillande stand og 1/3 i dårleg stand.

God egedomsforvaltning i kommunen handlar om å gi brukarane gode og effektive bygningar til lågast muleg kostnad. Dette vil seie å skape best mulege rammevilkår for brukarane si verksemd over tid. Kommunen har rolla både som eigar, forvaltar og brukar av egedom.

Førande tilrådingar for god egedomsforvaltning tilseier at kommunen bør ha oversikt over status for kommunale bygg og bustader med tanke på å ivareta gjeldande krav til teknisk og funksjonell tilstand på egedomane. I årsmelding for 2014 er det vist til at vedlikehaldsplanen for bygg stort sett er følgd, men det er ikkje synleggjort kva som er utført av vedlikehald. I handlingsprogram for 2015 – 2018 og for 2016 - 2019 opplyser kommunen om at det er stort og aukande etterslep på vedlikehald av kommunale bygg og vegar. Det er vidare opplyst om at konsekvensane er at det blir dyrare når ein må gjere noko. Kommunen har altså kjennskap til manglande etterslep, men der er ikkje

synleggjort kor omfattande det er i årsmelding eller budsjettdokument. Tal i KOSTRA syner at kommunen både i 2013 og 2014 brukte mindre på både vedlikehald og drift av kommunale bygg enn dei vi samanliknar med. I handlingsprogrammet er det også påpeika at stramme vedlikehaldsbudsjett gjer det er vanskeleg for teknisk drift å tilfredsstillte brukarane sine forventningar i alle samanhengar.

Kommunen bør ha overordna politisk forankra mål for bustad- og eigedomsforvaltninga, eit rasjonelt system for planlegging og styring, og til slutt rapportering som gir god kommunikasjon mellom bustad- og eigedomsforvaltninga og politikarane, og som kan tene som grunnlag for avgjerder. Det går ikkje fram av årsmelding eller budsjett at kommunen har dette.

Kontrollutvalet ga i førre periode innspel om forvaltningsrevisjon av vedlikehald av eigedom. Det er ein klar risiko for at kommunen ikkje sikrar ein mest mogleg kostnadseffektiv eigedomsforvaltning ved at ein ikkje sikrar verdibevarande vedlikehald. Den største utfordringa er truleg for låge budsjetttrammer til vedlikehald, men det er etter vår vurdering også viktig at rapporteringa blir betre. Vi har likevel ikkje prioritert forvaltningsrevisjon av eigedomsforvaltning. Kommunen bør sikre betre rapportering til politisk nivå der ein viser kor omfattande etterslepet på vedlikehald er og kva tilstanden er på dei ulike bygga.

3.6.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Plan- og bygningslova set krav til samfunnstryggleik i planlegginga i kommunar og fylke. Sivilbeskyttelseslova pålegg kommunane å planlegge beredskapen basert på ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

Fylkesmannen hadde tilsyn med Kviteseid kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i 2013. Kommunen mangla ein heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse, overordna beredskapsplan og mål og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Arbeidet med å lukke desse avvika er starta.

Under flaumen erfarte kommunen at organiseringa av teknisk drift ikkje var god nok, dette meiner rådmannen kan bli betre med ny organisering.

3.6.4 Miljøforvaltning

Kommunane spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med å nå dei nasjonale miljømåla. Miljødirektoratet si kommuneundersøking 2008-2010 viste at mange kommunar slit med å innfri pliktene sine på miljøområdet.

Kommunen si mynde og samfunnsoppgåver på dette feltet spenner frå nedgravne oljetankar i bustadfelt via friluftsliv/fri ferdsel, viltforvaltning og motorferdsel i utmark til lokal luftkvalitet og klimaomsyn i lokal planlegging. I Kviteseid er det landbrukskontoret og plankontoret som har ansvar for dette. Dette vil være eit område med generell risiko for at kommunen ikkje får ivaretatt sine plikter.